



Hjartdal og Svartdal

TELEMARK

FOTO- OG KULTURLANDSKAPSKVELD

onsdag 4.april 2018 kl 19-21.30

på **GRANVIN KULTURHUS I SELJORD**



Foto: Lars Dalen, NIBIO

Vi er så heldige å få besøk av tre dyktige og engasjerte fagpersonar:

Landskapsgeograf og fotograf

OSKAR PUSCHMANN

frå NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) – kjent frå NRK, diverse aviser og ein veldig attraktiv foredragshaldar som viser gamle kulturlandskapsbilde på storskjerm og samanliknar med i dag. Han har gjeve ut boka "*Tilbakeblikk – norske landskap i endring*". Oskar er interessert i å kome i kontakt med folk som har gamle bilde sidan han skal re-fotografere i det utvalde kulturlandskapet Hjartdal og Svartdal til sommaren. Han vil seie noko om metoden han brukar ved refotografering. I tillegg får vi vere med på ei reise som fotograf Axel T. Lindahl (1841-1906) hadde frå Bolkesjø via Vestfjorddalen til Haukelifjell i åra 1884 og 1887. Desse bilda vil fengje publikum frå heile øvre Telemark.

Forskar **ELLEN SVALHEIM**, NIBIO Landvik, har i mange år jobba med dei artsrike, truga naturtypene i kulturlandskapet og korleis ein bør ta vare på dei. Mellom anna har ho dei ti siste åra vore nasjonal koordinator for oppfølging av handlingsplan for artsrik slåttemark. I 2016 kom ho saman med *Ingvill Buen Garnås* og *Kristin Daugstad* med rapporten "*Tilstandsvurdering av kulturlandskap i Telemark og Buskerud. Vurdering av Nasjonalt viktig kulturlandskap*". Ellen vil gje ein presentasjon av gamle slåtteeenger i Hjartdal og Svartdal sett i ein historisk og nasjonal samanheng. I tillegg vil ho snakke om beitekvalitet i utmark.



Foto: NIBIO



Foto: Runhild Heggem

Dagleg leiar

INGVILL BUEN GARNÅS

 frå

Kulturlandskapsenteret i Telemark er vår dyktige lokale fagperson på kulturlandskap. Ho vil snakke litt generelt om kulturlandskap og litt meir spesifikt om styvingstre og den blomstrande interessa for dette restaureringsarbeidet. Ingvill er også ein dyktig kvedar, og vi gleder oss også til å høyre henne syngje denne kvelden.

Fylkesmannen i Telemark informerer om satsinga på utvalde kulturlandskap.

**Gratis inngang. Enkel servering.
Hjarteleg velkomne!**

Arrangør: Styret for utvalde kulturlandskap Hjartdal og Svartdal